

Nedre Eikanger 1/6-2019

Lindås kommune
v/ Sverre Solberg
Geodata avdeling
5914 Isdalstø

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
13 JUN. 2019	
Ark. saksnr. 18/2793	Løpnr.
Saksh.	Tilgangskode

Takk for tilsendt brev av 28/5-2019.

I ditt utkast til tekst i brev til dei 5 nausteigarane på «Nausteigen» har eg merknad til avsnittet som eg har ramma inn i ditt brev. (vedlagt)

For å unngå misforståelsar ønskjer eg at dette avsnittet har følgjande ordlyd:

Grunneigaren hevdar også at nausta som på vedlagd kart er merka: 210/2, 212/6, 212/8, 212/2 og 213/3 ikkje står på sjølveigande grunn. Han meiner difor at grenselinjene kring desse nausta må takast bort i Matrikkelen. Dette fordi gbnr. 213/17 under bygningane.

EIG GRUNNEN

Då det er to bygningar innanfor 213/17 som er merka 213/3 på kartet, gjerest det oppmerksom på at dette gjeld naust som er merka 213/3, og ikkje den store sjøbua som også er merka 213/3.

Som nevnt i telefonsamtale antar eg at eigarane av nausta pr. i dag er:

Naustmerka 210/2 : Olav Myhr / Liv Myhr
Naustmerka 212/6 : Asle Eikanger
Naustmerka 212/8 : Solveig og Terje Namdal / Kåre Hindenes
Naustmerka 213/3 : John Askeland
Naustmerka 212/2 : John Askeland

Med vennleg helsing

Roald Fyllingsnes

Roald Fyllingsnes

Eg la merke til ein skrivefeil i overskrifta av brevet: Det står 213/7 og ikkje 213/17.

Ajourføring i Matrikkelen for gbnr 213/7 –«Naustteigen» av Eikanger Nedre, 5913 Eikangervåg.

Lindås kommune har oppdateringsansvar for matrikkelen i kommunen.

Matrikkelen er Noreg's offisielle register over grunneigedomar, bygningar og adresser.

Dette er ein kontinuerleg prosess som geodata utfører dagleg ved oppmålingsforretningar, ved grensejusteringar, utskiftningskart, data frå Jordskifte og Vegvesen samt ledre skylddelingar.

Dessutan etter innspel frå grunneigarar som oppdagar feil eller manglar med teigar eller grenselinjer.

Kommunen jobbar heile tida med å få til eit betre register som grunneigarar og publikum kan nytta til utbyggingsføremål og andre ting.

Det har vorte meld inn feil på grenselinja mot gbnr 210/2 – sitt naust og ovanfornevnde eigedom av Roald Fyllingsnes.

Dette er no retta opp. Sjå det eine kartvedlegget !

Det same er gbnr 213/2, F.nr. 1. Bygninga vart reven før 1950. 16. mai 2019, er festeavtalen sletta ex-officio i grunnboka hjå Kartverket på Hønefoss.

Grunneigaren hevdar også at nausta til gbnr 210/2, 212/6, 8 og 12 samt gbnr 213/3, ikkje står på sjølv-eigande grunn. Han meiner difor, at grenselinjene kring desse nausttomtane bør takast bort i Matrikkelen. Dette fordi gbnr 213/17 eig grunnen under bygningane.

Høyrer me ikkje noko frå dykk innan (Her må dei få nokre veker på seg for ev. attendemelding til kommunen), vil me ta bort grenselinjene kring desse 5 nausta på «Naustteigen» i Eikangervåg.

Dersom dette ikkje stemmer med dykkar opplysningar om grensetilhøvet, ber me dykk snarast og innan, senda tilbakemelding saman med dokumentasjon til:

Lindås kommune, Geodata, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Tlf. 56 37 50 00. E-post:postmottak@lindas.kommune.no